



Gravestart på Rabben i føremiddag med anleggsleiar Arnkjell Jordalen ståande til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag har starten skjedd for det neste byggjesteget for avløpsanlegget i Uskedalen. Starten går føre seg ved pumpestasjonen på Rabben. Det er Dale Entreprenør frå Dale i Vaksdal som har fått entreprisen på land, men no heilt i starten står det lokale firma Brødrene Musland Maskin for gravinga.



Dale, kommunen og Brødrene Musland Maskin samarbeider på Rabben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Men det er Knut Hjelmeland som er vår lokale kontakt og som formidler oppdraga lokalt, fortel anleggsleiaren til Dale, Arnkjell Jordalen.

Etter kvart skal Dale komma med eige maskinelt utstyr og mannskap også til Uskedalen.

Dale-firmaet har etter kvart utvida verksemda også på våre kantar og har mellom anna også entreprisen på det omstridde anlegget i Muradalen. Også der er Hjelmeland i arbeid.

- Det er fyrste gongen vi har noko å gjera her i Uskedalen, fortel Jordalen. Han tør førebels ikkje seia noko bestemt om når Dale vil vera ferdig med jobben utover at det vil skje ein gong til hausten.

Jordalen minnar om at mange ukjente faktorar gjerna dukkar opp i samband med eit slikt prosjekt, som også omfattar lange sjøleidningar. Men dei er det Rør-Dykk som har i oppdrag å leggja.

På Rabben må inngrepet vera gjort på få dagar då vertskapet ventar eit betydeleg innrykk av tyske turistar.

Av Ola Matti Mathisen